

# 2016

## **BEREDSKAPSPLAN FOR Å AVDEKKJE VALD OG SEKSUELLE OVERGREP I BARNEHAGANE I TYSNES KOMMUNE**



Eldbjørg Knudsen  
Hewlett-Packard Company  
01.01.2016

# BEREDSKAPSPLAN FOR Å AVDEKKJE VALD OG SEKSUELLE OVERGREP I BARNEHAGANE I TYSNES KOMMUNE

Målet med denne planen er å førebyggje, avdekkje vald og seksuelle overgrep mot barn i Tysnes kommune sine barnehagar.

Styrrar har ansvar for at planen blir gjort kjent for nye i personalet, og at den er oppe på personalmøte ein gong kvart år. Gå gjennom kurs og beredskapsplan.

## SEKSUELLE OVERGREP OG VALD:

- Er ei handling som barnet ikkje forstår, ikkje er moden for og ikkje kan samtykkje til
- Krenkjer barnet sin identitet
- Er utnytting av barnet sin integritet
- Utnytting av maktposisjon
- Er den vaksne sitt behov
- Er ulovleg

Me skal være merksame på at det er OFTARE barn (ungdom) som forgrip seg på yngre barn enn det er vaksne som gjere dette.

## Vald og seksuelle overgrep kan kome frå:

- Eit nært familiemedlem
- Ein person utanfor familien
- Ein tilsett i barnehagen

## TEIKN PÅ AT BARN HAR DET VANSKELEG:

Det me ser av åtferd kan bety mange ting. Barn som blir tilvist vidare får ofte mange diagnosar, basert på symptom, som gjere at vald og seksuelle misbruk blir skult (ca 39%). Det er mange diagnosar som kan dekke over vald og seksuelle overgrep. Det er derfor viktig at me veit litt om kva me skal sjå etter.

## TEIKN:

- Noko barnet seier som gjer oss bekymra
- Noko barnet viser, gjennom for eksempel utagering, tilbaketrekking og seksualisert åtferd
- Teikningar som er litt uvanlege
- Barn som er triste og lei seg over tid
- Søvnvanskar

**SJÅ FLEIRE TEIKN PÅ SEKSUELLE OVERGREP OG VALD I KRISEPERMEN.**

**VÆR MERKSAM PÅ AT DESSE TEIKNA OGSÅ KAN HA HEILT ANDRE GRUNNAR ENN SEKSUELLE OVERGREP OG VALD.**

**KORLEIS SNAKKE MED BARN OG DET SOM ER VANSKELEG?** Sjå vedlegget «Den viktige samtalen»

#### **FØREBYGGJANDE TILTAK:**

- Det skal som hovudregel være to vaksne på huset til ei kvar tid
- Nye og litt ukjende vikarar, samt personar som er innom i korte periodar, skal ikkje være aleine med barn over tid
- Barna skal lære om kroppen. Dette skal være tema fleire gonger gjennom barna sine år i barnehagen
- Barna skal lære om normal seksualitet tilpassa alder og utvikling
- Barna skal lære om gode og vonde hemmelegheiter, gode og vonde kjensler og ulovlege berøringar

#### **RUTINAR VED MISTANKE OG VALD OG SEKSUELLE OVERGREP:**

- Ein i personalet har ei «OTTE», ei «MAGEKJENSLE». Då skal ein diskutere dette med næraste leiar. Næraste leiar tek dette opp med styrar. Det må være dokumentert, og litt meir enn ein vag mistanke.
- Alt barnet seier og gjer, som vekker otte skal noterast ned. Det er viktig, då det er vanskeleg å huske tilbake dersom det blir ei sak i framtida. Me skal notere kva som blir sagt og gjort, kven som hørde på, og kva me samtalte med barnet om. Alt me skriv skal være konfidensielt og låst ned.
- Gjennomfør samtale med barnet dersom det er mogleg. (Sjå «Den viktige samtalen»)
- Lov aldri noko du ikkje kan halde. Ikkje lov barnet tausheit om det ein får vite.
- Forvaltningslova § 13 opnar for at me kan diskutere ei sak med andre innan same etat.
- Me skal varsle til barnevernet når det er «grunn til å tru at eit barn blir mishandla i heimen eller det ligg føre andre former for omsorgssvikt» (Barnevernslova §6-4). Styrar melder otta til barnevernet, men alle har sjølvstendig meldeplikt dersom styrar ikkje varslar og ein fortsatt meiner det er «grunn til å tru» at barnet er utsett for vald eller seksuelle overgrep.
- De er høve til å diskutere ei otte med barnevernet anonymt. Då kan me få råd om kva me skal gjere.
- Politiet skal varslast i akutte situasjonar. Avvergeplikta følgjer av straffelova §139. Dersom ein meiner at det er fare for at barnet mest truleg vil kunne bli utsett for (nye) overgrep/vald ved ikkje å gripe inn, er det straffbart å ikkje varsle politiet.
- For samarbeid med barnevernet, og melding av saker sjå: «Samarbeidsavtale mellom barnevernstenesta og oppvekstkontoret i Tysnes kommune» av 01.01.10

#### **Ved akutte situasjonar:**

- Ikkje skift klede på barnet
- Brukte kle skal pakkast inn i papir
- Ikkje vask barnet

**SAMARBEIDSPARTNARAR:**

- Helsestasjonen: 53437086
- Barnevernet: 53437060
- Politiet:

**FOR UTFYLLANDE INFORMASJON OM ANSVAR OG GJEREMÅL OG MELDING VED VALD OG SEKSUELLE OVERGREP, SJÅ KRISEPERMEN KAPITTEL 9, 10 og 11, OG SAMARBEIDSAVTALEN MED BARNEVERNET.** Her er også rutinar dersom det er mistanke om seksuelle overgrep frå ein tilsett i barnehagen.